

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

13. søndag i treeningstida – 22. august 2021

*Denne tekstgjennomgangen
vart publisert første gong i 2012.*

Preiketekst: Lukas 12,41-48

Lesetekst I: 2 Krøn 1, 7-12

Lesetekst II: Ef 4, 11-16

Den største lukke er også det største ansvar

Vi lærer i desse versa kor viktig arbeidet for Gud er i vår kristne tru. Herren talar om sitt andre kome. Han samanliknar sine læresveinar med tenarar som ventar på at deira herre skal kome att, og som alle har sitt å gjere medan han er borte. «Lukkeleg», seier han, «er den tenaren som herren finn i arbeid med dette når han kjem tilbake.»

Ein tenar i praktisk arbeid

Jesus lærer si forsamling på jord noko særleg viktig. Vi høyrer mange vitnemål om gode intensjonar, håp, ønskjer og kjensler. Det hadde vore godt om vi kunne høyre meir om praktisk arbeid for Gud. Det er ikkje tenaren som blir funnen med gode ønskjer og intensjonar, som Jesus kallar «lukkeleg», men den tenaren som står i praktisk arbeid.

Tenesta i Guds rike vert vel ofte framstilt som ei bær, som noko tungt og noko som «berre må gjerast fordi Gud har bedt oss om det». Men heldigvis er det mange som har oppdaga at tenesta for Gud er det beste vi kan få del i. Gjennom det vert ein velsigna av å velsigne andre. Ein må tileigne seg innsikt i Guds ord for å ha noko å formidle til andre, og dette gjev innsikt i Herrens skattar som er skjult i Bibelen. Mange, mange kristne har erfart at det er sælare å gje enn å få!

Fridom, ikkje trældom

Vi er i slutten av august. Eit nytt arbeidssemester i Guds rike tek til. Teksten denne sundagen gjev oss nokre utfordrandre tankar om tilhøvet mellom frelse og teneste, mellom arbeid og løn, mellom dovenskap og straff, osb. Her der det viktig å ikkje blande og skape forvirring. Dansken Leif Andersen seier noko tankevekkande om den rette orden i forkynninga: «Kva skjer om ein forkynner formaning til menneske som ikkje veit kva nåde er? Kva skjer om ein forkynner nåde til menneske som ikkje veit kva synd er? Kva skjer om ein forkynner synd til menneske som ikkje veit kven dei sjølve er?» På bakgrunn av dagens tekst kan vi føye til: Kva skjer om vi forkynner teneste for Gud til menneske som ikkje er fødte av Gud? Som forkynnarar må vi be om visdom til å halde fram heile Guds råd, og samstundes forkynne den rette budskapet som set menneske i åndeleg fridom og ikkje trældom!

Men vi kan nok vere så redde for å hamne i den «loviske» grøfta at vi held oss frå å tale om «å arbeide» og «å gjere» i Guds rike. Den som les heile Det nye testamentet, veit nemleg noko anna. Teksten handlar ikkje om rettferdiggjering, men om heilagging. Poenget er ikkje kva eit menneske skal gjere for å verte frelst, men kva eit frelst menneske skulle gjere. Skrifta lærer oss dette klart og tydeleg. Paulus skriv til Titus: «Dette er eit truverdig ord, og eg vil at du skal prenta inn det eg har sagt, så dei som er komne til tru på Gud, skal vera opptekne av å gjera gode gjerningar. Alt dette er godt og nyttig for menneska.» (Tit 3:8)

Guds folk er kalla til å vandre i Jesu fotspor, han som «gjekk omkring og gjorde vel» (Apg 10:38). Dette er å ære Gud med våre liv. «Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!» (Matt 5:16).

Ein tale til oss

Kven er så denne likninga talt til? Vi skal legge merke til at når Peter spør i starten av teksten om det er «oss du siktar til med denne likninga, eller gjeld ho for alle?», så svarar ikkje Jesus på spørsmålet. Det er nærliggande å tenkje på Israel sine skriftlærde og åndelege leiarar som forkasta Jesus Messias og forfølgde hans vitne. Og alt dette medan dei meinte seg å tene Gud. Men vi skal ikkje isolere teksten til dette, for den har ein bodskap til alle som har åndeleg leiaransvar og som arbeider under den kristne fana. Dei som har ein tillitsposisjon og neglisjerer sine plikter, bør merke seg alvoret i denne teksten. For her er det tale om tenarar/arbeidarar som strider mot Guds tanke og vilje. Dei trur kanskje at dei tener Gud, men sanninga er at dei motarbeider og mishandlar dei andre tenarane – dei som tener sin herre ansvarsfullt og trufast. Kyrkjehistoria kan gje oss mange eksempel, men vi må ta ansvar for vårt eige liv.

Kraftig språk

Språket som vår Herre Jesus nyttar om dei dovne og utru tenarane, er veldig kraftig. Få stader i evangelia inneheld så sterke uttrykk som dette. Det er ei vrangforestilling å tru at evangeliet berre glatter over ting. Den same kjærlege Frelsar som er barmhjertig til det ytterste overfor den angrande syndar, held tydeleg og klart fram Guds straff mot dei som foraktar hans råd. Lat ingen bedra oss om dette. Guds lam bar våre synder på Golgata, og det same Lammet skal ein dag openberre sin vreide (Op 6:16.) Ein kristen leiar som startar med å forfølge Guds folk og berre vert oppteken med å hente si forlysting i denne verda, er på veg mot den vreiden.

Lat oss legge vinn på å leve slik at når vår Herre kjem for å hente sine heim til Himmelen, så vert vi funne klare til å møte han. Lat oss ransake våre hjarte for å sjå om vi er i trua (2 Kor 13:5 - ikkje om trua er i oss). Lat oss ta oss i vare for å redusere alvoret som ligg i Guds ord for å leve eit heilagt liv til Guds ære.

Gjera etter Ordet

Vi ser også ut av denne teksten at for den som ikkje vender om, vil hans skuld stå i forhold til det åndelege lys han har. «Den tenaren som veit kva herren hans vil, og likevel ikkje steller i stand eller gjer det herren vil, han skal få mange slag.» Denne tanken er vanskeleg for oss å gripe, og berre æva vil avdekke til fulle kva som ligg i det, men fleire tekstar i NT understrekar det same. «Den som mykje har fått, av han blir det venta mykje. Og den som mykje er tiltrudd, av han skal det krevjast dess meir.» Jesus sa om byane der han og læresveinane hadde forkynt mykje og gjort mange undergjerningar: «Eg seier dykk: Det skal

gå Sodoma likare enn denne byen på den dagen!» (Luk 10:12). Dette er skjult for oss, men Herren skal dømme med rettferd.

Spørsmålet til deg og meg er: Kva gjer vi med vår åndelege innsikt? Nyttar vi den viseleg og til det gode? «Ver slike som gjer etter Ordet og ikkje berre høyrer det, elles vil de dåra dykk sjølv.»», skriv Jakob. Er vi nøgde med å seie «vi veit det, vi veit det» og trur at den kunnskapen gjer oss til betre menneske enn andre? Vi treng å finne lukka som Herren gjev oss når han får føre oss inn i tenesta for Han og våre medmenneske.

Erik Furnes

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet

e.furnes@imf.no